

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 210	17/507

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017
023/2017	Kommunestyret	PS	04.05.2017

### Årsrekneskap 2016 - Masfjorden kommune

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

2017 04 10 REKNESKAPEN 2016 Masfjorden kommune\_2

##### Dato

10.04.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskapen 2016 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Driftsrekneskapen for 2016 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 789 499,44.

Investeringsrekneskapen for 2016 er i balanse.

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :

a) kr 2 564 499,44 vert nytta til ekstra tilskot Masfjorden kyrkjelege fellesråd 2017 øyremerka ekstra ordinær nedbetaling av lån/gjeld,

b) kr 225 000 vert nytt til velferdstiltak for tilsette.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Etter Forskrift om årsrekneskap og årsmelding vert rekneskapen for Masfjorden kommune i 2016 lagt fram for kommunestyret.

##### Uttale

Revisjonsmelding

##### Fakta

Viser til vedlagte rekneskapshefte for 2016 med notar og analyse av rekneskapsåret 2016.

Driftsrekneskapsheftet viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 2 789 499,44. Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert i samsvar med framlegg til vedtak

Investeringsrekneskapsheftet er avslutta i balanse. Det er i 2016 nytta kr 1 760 515,09 til finansiering av tidlegare års udekkede investeringar. Pr 31.12.2016 er det ingen investeringsprosjekt som ikkje er finansiert. Masfjorden kommune har ved denne dato unyttede lånemidlar på kr 2 626 714,52 der kr 1 075 531,78 gjeld investeringar til kommunale formål og kr 1 550 182,74 lån til vidareformidling (Startlån) frå Husbanken.

### **Vurdering**

Masfjorden kommune dekker i dag renter og avdrag på lån som tilhører Masfjorden Kyrkjelege Fellesråd. Masfjorden kommune kan få betre rentevilkår enn Masfjorden kyrkjelege fellesråd, og administrasjonen ønskjer difor å overta desse låna. Administrasjonen rår til at kr 2 564 499,44 vert nytta til delvis nedbetaling av lån som vert overteke frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd. Reduserte låneportefølgje og betre lånevilkår er med på å styrke MKF i 2017.

Masfjorden kommune har tidlegare nytte deler av rekneskapsmessig mindreforbruk til velferdstiltak for tilsette. Administrasjonen rår til at kr 225 000 vert nytta til slike velferdstiltak.

### **Konklusjon**

Administrasjonen tilrår at rekneskapsheftet for 2016 vert godkjent slik den ligg føre, og disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk i samsvar med tilrådinga. Gjennom rekneskapsheftet har administrasjonen med dei obligatoriske vedlegga, og lagt vekt på det vi meiner er relevant informasjon om rekneskapsheftet 2016.

### **Formannskapet - 044/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Økonomi- og personalsjef Kristian Moen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Rådmannen gjorde framlegg om endring av teksten i pkt a) til:

kr 2 564 499, 44 vert sett av til disposisjonsfond drift.

Framlegg til vedtak med endringa frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Årsrekneskapen 2016 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Driftsrekneskapen for 2016 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 789 499,44. Investeringsrekneskapen for 2016 er i balanse.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :**

**a) kr 2 564 499,44 vert sett av til disposisjonsfond drift**

**b) kr 225 000 vert nytta til velferdstiltak for tilsette.**

### **Kommunestyret - 023/2017**

#### **KS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Revisor Reidar Bjørsvik orienterte kort om innhaldet i revisjonsmeldinga og svara på spørsmål.

Rådmannen orienterte kort om bakgrunnen for rådmannen sitt opphavlege framlegg til vedtak til formannskapet.

Frode Langhelle (H) opprettheld formannskapet sitt framlegg til vedtak men med tilføyinga i pkt a):

i påvente endeleg avklaring med fellesrådet

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tilføyinga frå Langhelle vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Årsrekneskapen 2016 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Driftsrekneskapen for 2016 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 789 499,44. Investeringsrekneskapen for 2016 er i balanse.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik :**

**a) kr 2 564 499,44 vert sett av til disposisjonsfond drift i påvente endeleg avklaring med fellesrådet**

**b) kr 225 000 vert nytta til velferdstiltak for tilsette.**